



Møteinnkalling

| | |
|-------------------|---|
| Utval: | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre |
| Møtestad: | Stardalen |
| Dato: | 03.10.2023 |
| Tidspunkt: | 14:00 |

Velkomen til det femte møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2023.

Tysdag 3.oktober kl. 10:00 har nasjonalparkstyret kalla inn til dialogmøte med fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval på Stardalen sommarkafé i Stardalen.

Møtestart for nasjonalparkstyret vert etter at dialogmøtet er ferdig, ca. kl. 14:00. Vi satsar på å vere ferdig til kl. 16.

Eventuelt forfall må meldast snarast til ein av forvaltarane Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71 eller Trygve Snøtun på tlf 95 79 44 84.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing
Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 31/23 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 32/23 | Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar | | |
| ST 33/23 | Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om tiltak - Vetledalsseter, Erdalen og Strynekåpa - Indre Nordfjord Turlag | | 2023/14573 |
| ST 34/23 | Orienterings- drøftings- og referatsaker | | |
| RS 3/23 | Oppfølging av forslag til skjøtselsplan for Bødalen - møte og synfaring på Bødalsetra torsdag 5.oktober | | 2023/14090 |
| RS 4/23 | Innspel frå Skålastilaget - Behov for tiltak på Skålastien hausten 2023 | | 2022/16335 |

Orienteringssaker

1. Oppsummering av dialogmøte
2. Status tiltaksplan pr 1/10-2023
3. Frivilligarbeid i nasjonalparkar
4. Skjøtselsplan Bødalen
5. Økonomi
6. Mediesaker sidan sist

ST 31/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 32/23 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2023/14573-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 27.09.2023

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|----------------------------------|-----------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 33/23 | 03.10.2023 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om tiltak - Vetledalsseter, Erdalen og Strynekåpa - Indre Nordfjord Turlag

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, første ledd, Indre Nordfjord Turlag (INT) løyve til følgjande på hytta på Vetledalsseter:

- Vindauga i kjellaretasjen kan erstattast med eit vindauga i tilsvarende storleik, anten i same utforming som tidlegare eller med same utforming som vindauga i resten av bygget.
- Karmane kring dør i kjellaretasjen kan skiftast ut med tilsvarende treverk. Døra kan skiftast ut om naudsynt, men skal ha same storleik og utsjånad som i dag.
- INT kan leggje til stein i sørvendt krok av hytta. Stein kan takast kring hytta. Det skal ikkje tilførast betong eller anna materiale som ikkje naturleg er på Vetledalsseter.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, tredje og fjerde ledd, Indre Nordfjord Turlag (INT) løyve til følgjande på stien frå Vetledalsseter til Infimus:

- Sette opp eit retningsskilt rett aust for brua ved Kyrkjene, søraust for Vetledalsseter.
- Kloppegge våte partier på begge sider av brua ved Kyrkjene, totalt kring 60 meter. Det skal ikkje nyttast trykkimpregnert materiale, men heller naturleg bestandig trevirke som til dømes kjerneved av furu eller douglasgran.
- Bygge opptil 4 trinn med stadeigen stein ved utfordrande svaberg ved Ulvestegen. Det er ikkje tillate å bolte dette fast i berget eller nytte t.d. betong.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, fjerde ledd, Indre Nordfjord Turlag (INT) løyve til følgjande mellom Infimus og Strynekåpa:

- Oppsetting av inntil 6 nye vardar med maksimal høgde på 50 cm.
- Inntil 3 vardar totalt kan ha ei høgde på 70 cm.
- Det skal ikkje merkast med maling eller skilt.



- Det skal ikkje settast opp varde nærare stien til Infimus enn det som er i dag. I dag er det kring 170 meter i luftlinje frå stien til første varden.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad på tiltak frå Indre Nordfjord Turlag, datert 25.09.2023.
- Notat synfaring Vetledalen – Erdalsbreen – Strynekåpa med Indre Nordfjord Turlag, Statens Naturoppsyn og nasjonalparkforvaltar 08.09.2023.

Søknaden

«Søknad om diverse tiltak i Vetledalen/Erdalen i Oppstryn – Stryn Kommune.

Indre Nordfjord Turlag disponerer DNT/INT – hytta som ligg på Vetledalssetra. Vi fornyar i desse dagar leigeavtalen med dagens grunneigar Svønn Jarle Mykløen. I den samanheng har vi overfor han ytra ynskje om å gjere diverse tiltak i samband med hytta. Begge partar er inneforstått med at utvendige «små» tiltak må godkjennast av Nasjonalparkstyret før vi kan avtale med grunneigar at ting kan gjennomførast. Vi søker også om løyve til å gjere tiltak på stien til Erdalsbreen og Infimus/ samt betre varding/merking av rute til Strynekåpa.

Den 8. september hadde vi synfaring i Erdalen/Vetledalen saman med Anne Rudsengen og Trygve Snøtun frå Nasjonalparken. Vi har laga eit notat frå denne synfaring som ligg ved søknaden vår.

Tiltak 1:

Vedlikehald/diverse tiltak på hytta/ved hytta. INT og grunneigar ynskjer å skifte vindu i kjellaretasjen, enten same type som er der i dag, helst nytt vindu som står i stil med vindu i hovedetasjen. Døra i kjellaretasjen er o.k., men karmene bør skiftast. Om døra også bør skiftast, lagar vi ny dør lik den som er i dag. I tillegg ynskjer vi å lage ein sitjeplass i kroken mot stove/vedskjul bygd i naturstein av stein som allereie ligg der/stein frå området rundt om behov. (Bilder vart tatt av Anne)

Tiltak 2:

Vi ynskjer å setje opp 1 retningskilt – rett aust for brua. Vi tenkjer oss eit lite retningskilt mot Erdalsbreen i stikrysset - bruk av einepåle. I tillegg er der ein del «våte» områder som folk er byrja å gå rundt (etablering av ny sti) . Her ynskjer vi å etablere treklopper. Trekloppene skal vere enten 2x6 toms eller 2 x 8 toms. « Dumpa» like aust for setra vil vere ca 15 – 25 meter. Viser elles til vedlagt notat frå synfaringa.

Tiltak 3:

I enden av Ulvestegen er det ein del «glatte» svaberg, som kan vere utfordrande for både små og store på regnfulle dagar. På synfaringa diskuterte vi ulike løysingar. Har forståing for at bolting og kjettingar ikkje er å foretrekke. INT meiner vi med små tiltak kan løyse eit problem/minske problemet ved å lage nokre trappetrinn av naturstein (3- 4 stk) med opp/nedgang her.



Tiltak 4:

Det har vore mange spørsmål til INT om kvifor vi ikkje har merka sti mot Strynekåpa. På synfaringa gjekk ein ruta som allereie er delvis merka med små vardar (truleg av grunneigarar opp gjennom tidene) Lengst oppe var det vanskelegare å finne etablerte vardar. INT har hatt som primærmål å få merka turen med T-ane, dette skjønte vi ikkje var så aktuelt. Vi fekk også opplyst av merking til fjelltoppar med vardebygging ikkje låg inne som tiltak i forvaltningsplanen. Sidan der alikevel er merka ein god del av ruta med vardar vil vi søkje om å kunne supplere med nokon fleire (øverst oppe) og eventuelt løyve til å lage enkelte av eksisterande vardar noko større. Spesielt på veg nedover er det vanskeleg å få augo på dagens vardar, då dei er små.

Notatet vi har laga frå synfaringar, samt bilder hytta og stien mot Infimus og vardane opp mot toppen håpar vi vil gje styret eit betre grunnlag for si avgjerd på dei ulike tiltaka vi søker om å få gjennomført.»

I tilhøyrande notat står mykje av det same som i søknaden, men noko meir detaljert. I tillegg er det nokre punkt som det ikkje er naudsynt å søkje om.



Figur 1: Kart som viser omlag kor ulike tiltak er planlagt.

Søknaden er vurdert i samsvar med
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.



- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova.

Verneforskrift og verneføremål

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna endring av bygningar, bakkeplanering, bygging av klopper, merking av stigar og liknande, jf. kapittel IV, punkt 1.1 i Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark. Vidare seier kapittel IV, punkt 1.3, at forvaltingsstyresmakta kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til same punkta. Desse tiltaka blir vurdert etter denne heimelen.

I tråd med naturmangfaldlova (NML) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Figur 2: Bilete av Vetledalsseter med Strynekåpa bak.

Vurdering

Indre Nordfjord Turlag inviterte forvaltinga til synfaring i Erdalen. Det var fleire saker dei ønska å diskutere, og med bakgrunn i diskusjon og synfaring vart det sendt søknad om fleire tiltak i området.




Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Jostedalsbreen nasjonalpark –
Illustrasjon av soneinndeling i
forvaltningsplan (1994) og justeringar
i vernegrensa 1998 og 2007.

Jostedalsbreen nasjonalpark uten markerte
bruksområde er sone uten tilrettelegging
og inngrep.

- Nasjonalparkgrense
- Nasjonalparkgrense før 1998
- Nasjonalparkgrense før 2007
- Spesiell vernesone
- Merka tursti
- Bruksområde
- Bruksområde med spesiell tilrettelegging og inngrep



Figur 3: Soneinndeling i forvaltningsplanen.

Tiltak 1: Vetledalsseter

I 2010/2011 vart det gjort eit stort vedlikehaldsarbeid på Vetledalsseter. Då vart tak, kledning og vindauge bytta ut på heile hytta utanom i kjellaren. No ønskjer ein å kunne nytte kjellaren til meir enn lager, kanskje som eit opphaldsrom. Då er det naudsynt å byte vindauge og karmen kring døra må skiftast ut. Det som kom fram på synfaringa var at det ikkje er snakk om å endre storleiken på vindauga, slik at opninga i veggen blir lik, men at det var ønskje om eit tett og meir isolerande vindauga. Like eins vil ikkje turlaget endre døra, men byte treverket med nytt og betre. Om døra også må bytast ut, ønskjer dei at den nye skal ha sameuttrykk som dagens.

I den sørlege utekroken på hytta er det i dag ein del litt grov stein som ligg. Dette er ein fin lun plass som er eigna til å sitte ute. Turlaget ønskjer difor å legge noko stein til (kring 4 kvm) slik at det blir litt enklare å sitte. Dei ønskjer å nytte stein som er området, og det skal ikkje nyttast betong eller anna tilført materiale.

Nasjonalparkforvaltar meiner at å skifte vindauge i same storleik som i dag, men i same utføring som resten av vindauga på bygget, ikkje vil endre bygget sin karakter. Vidare er å byte ut dårleg trevirke ved dørkarmene, og eventuelt å byte ut dør med tilsvarande form og utføring, å rekne som vedlikehald av bygget. Dette føreset at opninga er den same og at ein ikkje tilfører andre element enn det som er der i dag.



På Vetledalsseter ligg det mykje tilgjengeleg stein i dagen som kan leggest til slik at det blir betre å sitte i den sørvendte kroken på hytta. Dette vil ikkje endre opplevinga på setra eller ha negativ påverknad på naturen. Arbeidet kan gjerast manuelt på staden og det skal berre nyttast lokal stein kring hytta.

Tiltak 2: Sti mot Erdalsbreen.

Stien inn til Erdalsbreen (Infimus) er i forvaltingsplanen omtala som ein varda sti, men er i dag T-merka. Om T-merkinga er ny, er usikkert. Dalen inn mot Erdalsbreen er merka av som ei brukssone. Det vil seie at ein del tiltak kan tillatast, t.d. merking av stiar.

Relativt nært Vetledalsseter i retning mor Erdalsbreen var det to våte områder der stien var tydeleg slitt og utvida. Dette er typisk på våte parti der folk prøver å gå rundt for ikkje å bli våte. Stien blir øydelagt og stadig breiare. Her søkjer INT om å klopplegge totalt kring 60 meter. Då ønskjer dei å nytte 2*6 tommar eller 2*8 tommar. Det bør ikkje nyttast trykkimpregnerte materialar, heller kjerneved frå til dømes furu, lerk eller douglasgran. Også understøttene må vere av bestandig materiale.

På eitt punkt på stien er det lett å gå feil. Her ønskjer INT å sette opp eit retningskilt etter merkehandboka for rettleie folk på stien.

Stien inn mot Erdalsbreen har ein del besøk og er ein flott tur. Ei enkel klopplegging av naturmateriale forbi to parti som har tydeleg slitasje, vil både gje turgåarar ei betre oppleving og spare vegetasjonen. Eit retningskilt etter merkehandboka på ein stad det er lett å gå feil, vil vere ein god tilrettelegging i ei brukssone.

Tiltak 3: Trappetrinn i naturstein ved Ulvestegen.

I enden av Ulvestegen opp mot Infimus ønskjer INT å lage til 3-4 trinn med naturstein opp eit noko bratt sva. Staden er noko utsett, særskilt om det er vått. Det er då ikkje snakk om å nytte boltar i berg.

INT meiner det bør leggest til rette med 3-4 trinn over eit sva nært Infimus. Det er kring 2 timar å gå på ein enkel sti frå bilen til dette punktet. Difor meiner forvaltar at det så langt som råd ikkje bør vere tilrettelegging med varige spor på ein slik stad, som til dømes boltar i berg. Sikringstiltak som dette vil gje varige inngrep i landskapet, og ein bør vere restriktiv med slike inngrep som må ha dispensasjon frå verneforskrifta, jf. forvaltingsplanen. Dersom INT klarar å nytte stadeigen stein og bygge nokre trinn manuelt utan bruk av helikopter, vil tiltaket hjelpe folk forbi ein noko krevjande passasje og samstundes verke som ei naturleg tilrettelegging av stien.

Tiltak 4: Merking til Strynekåpa.

Området frå Infimus mot Strynekåpa er i forvaltingsplanen avmerkt som sone utan tilrettelegging og inngrep. Desse områda skal vere mest mogleg urørde og utan inngrep og tilrettelegging. Strynekåpa har i seinare år blitt meir populært som turmål, og INT har hatt årlege turar dit. Sidan det ikkje er ein etablert sti, har det har vore ei utfordring å finne ein god og trygg veg både opp og ned. Terrenget er bratt og det er mange hamrar, noko som gjer vegval krevjande. I utgangspunktet ønska INT at turen skulle vere T-merka, men forvaltar og naturoppsyn påpeikte ein del utfordringar med dette.



På synfaringa var det gode forhold, tørt og god sikt. Likevel er det krevjande å finne ein god og trygg veg. Då vi starta oppover frå Infimus oppdaga vi at det allereie var vardar som var sett opp nokre stader (uvisst når og av kven). Desse markerte mest truleg den beste ruta opp på Strynekåpa. Det var tidvis vanskeleg å følgje og berre stadvis kunne det likne på ein sti. Mange stader kunne ein heller ikkje sjå frå varde til varde. På synfaringa oppdaga ein også at det var endå meir krevjande å finne vegen ned att.

Denne turen er særst krevjande og berre for folk som er vande til å gå i fjellet. Nasjonalparkforvaltar meiner det vil vere uheldig å leie urøynde folk i slikt terreng. Sjølv om turen er meir etterspurt enn tidlegare, er det endå ikkje etablert sti. T-merking vil også kunne føre til villeiing av besøkande, då raudmalte steinar kan bli tatt snøskred og andre skråningsprosessar og vise feil veg. Om denne turen blir merka og marknadsført kan farlege situasjonar oppstå, og krav om betre tilrettelegging vil kunne komme.

Også INT såg denne utfordringa, og har no i staden søkt om å få sette opp nokre fleire vardar, samt om å få bygd nokre av dei noko større. Dette er med tanke på tryggleiken til dei som går på Strynekåpa, særskilt å finne beste vegen ned att. Så vidt forvaltar har oppfatta, har ikkje INT planar om å marknadsføre turen i sine kanalar sjølv om det blir opna for å sette opp nokre fleire vardar, men at det er viktigare å kunne gjennomføre den årlege turen i INT-regi på ein trygg måte.

Nasjonalparkforvaltar innser at dette kan vere ein populær tur. Men den er såpass krevjande at det ikkje bør leggest til rette for at fleire og urøynde folk blir leia inn i området. Likevel vil nokre fleire og tydelegare vardar kunne hjelpe folk som uansett er på tur på Strynekåpa. Om INT ønskjer nokre fleire vardar opp til Strynekåpa, bør første varden starte eit stykke frå den T-merka stien til Infimus. Første varden vi fann var på ei steinblokk godt over stien, og det bør ikkje vere nærare enn det som er i dag. Første varden er kring 170 meter i luftlinje over dagens sti til Infimus. Også forvaltingsplanen opnar for å varde forbi utsette/vanskelege stader på umerka stiar av omsyn til tryggleik, side 50.

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, naturbase og artsdatabanken, jamfør krava i naturmangfaldlova § 8 og § 9. § 11 i naturmangfaldlova om at «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver» er ikkje relevant i denne saka. Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaka (§ 10) er akseptabel, då det naudsynt med godt vedlikehald av eksisterande bygg i verneområdet, og god kanalisering av kor ein ønskjer folk og kor ein ikkje ønskjer at folk skal vere. Ein skal gi besøkande ei god oppleving av verneområdet, samstundes som tryggleiken gjennom rett kanalisering skal oppretthaldast. Erstatte vindauge og dør med tilsvarande er positivt for bygningsmiljøet på Vetledalsseter. All tilrettelegging av ferdsel skal skje med stadeigne materialar og ubehandla trevirke, og difor er også nml §12 oppfylt.



Figur 4: Bilete frå Infimus mot Strynekåpa.



Figur 5: Første varden på veg mot Strynekåpa. Denne ligg kring 170 meter i luftlinje over stien til Infimus.



Figur 6: Fin utsikt på veg opp.



Figur 7: Toppen av Strynekåpa, utsikt ned i Erdalen.

ST 34/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 3/23 Oppfølging av forslag til skjøtselsplan for Bødalen - møte og synfaring på Bødalsetra torsdag 5.oktober
RS 4/23 Innspel frå Skålastilaget - Behov for tiltak på Skålastien hausten 2023